



STUDIEFORBUNDET  
KULTUR og TRADISJON

# Bunad- opplæringa

Kursa i Bunadopplæringa er bygd opp kring kompetansemåla i læreplanen for bunadtilverkarfaget VG3, og kan inngå som ein del av vegen til sveinebrev.

Bunadopplæringa er eit samarbeid mellom Noregs Ungdomslag, Norges Husflidslag, Norsk Folkedraktforum og Studieforbundet kultur og tradisjon.



# Bunadopplæringa er ei kursrekke på 6 kurs som gjev ei brei innføring i praktisk bunadssaum.

## Om undervisninga

Ved å fullføre heile kursrekke får du praktisk innføring i alle kompetansemåla i læreplanen for bunadtilverkarfaget VG3. Du syr ikkje ein komplett bunad. Opplæringa legg opp til ein del mengdetrening på eige hand. Den må du sørge for sjølv. Har du som mål å ta sveinebrev kan du få individuell rettleiing mellom samlingane.

Bunadopplæringa skal gje ei praktisk innføring i dei grunnleggjande teknikkane innan bunadssaum og tilbehør. Auke den historiske kunnskapen om folke-draktene som er bakgrunn for dagens bunader, og kjennskap til materialar og teknikkar brukt til bunadsproduksjon. Opplæringa har som mål å stimulere til auka interesse for faget og enda fleire bunadsprodusentar og kurslærere på bunadskurs i Noreg.

## Om kursrekke

Kursrekke er ope for alle som ønskjer å lære meir om bunadssaum, enten som grunnlag for eigenproduksjon eller næring. Kursa i Bunadopplæringa er ikkje nybyrjarkurs i bunadtilverknad. Det er inga opp- takskrav for å delta, men for å få utbytte av opplæringa bør du ha grunnleggjande saumerfaring. Ein kan ta heile kursrekke eller berre enkelte kurs. Kursrekke er lagt opp etter vanskegrad med anbefalt rekkefølge, dess lenger ut i rekke du kjem, dess større krav til forkunnskap.

Heile løpet går over tre år med to vekeskurs i året. Lærere på Bunadopplæringa er av dei beste på sitt fagfelt i landet.



Norsk  
folke-draktforum



NORGES  
HUSFLIDSLAG

[www.kulturogtradisjon.no](http://www.kulturogtradisjon.no), tlf: 61 21 77 50

Sjå moduloersikten på [www.kulturogtradisjon.no/opplaeringstilbud](http://www.kulturogtradisjon.no/opplaeringstilbud)